



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/150 - 14/4433

Saksbehandlar:
Line Hervig
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:
29.04.2014

Dispensasjonssak - Gbnr 24/86 - Bø - hybelhus - dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan - oversending av vedtak for klagevurdering

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har i møte 19 mars 2014 fatta følgjande vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 18/2014

PLT - behandling:

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT - vedtak:

Det vert gjeve mellombels dispensasjon frå arealføremål offentlege bygg til bustadføremål på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen fell bort tre år etter ikraftreding av ny områdeplan for Bø. Bruken av eigedomen må innan utløp av tre års fristen vere bragt i samsvar med arealføremål for eigedomen som følgjer av den nye områdeplanen.
2. Naudsynt parkering skal løysast på eiga grunn.
3. Dispensasjonen er gjeve under føresetnad av at bruk til hybelhus ikkje skal føre til trafikkuake i området.
4. Det må opprettast abonnement for vatn og avløp som står i samsvar med bruken av bygget.
5. Dispensasjonen er gjeve under føresetnad av at det vert lagt til rette for ein bruk av bygget som tek i vare omsynet til kringliggjande offentleg verksemd og nærmiljø når det gjeld helse, miljø og tryggleik.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2 jf §§ 12-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert no sendt dykk for klagevurdering og me ber om at svar vert gjeve innan 27 mai 2014.

Vedlagt finn de alle dokument i saka.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig
jurist/ byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak Gbnr 24/86 Bø - Hybelhus - Søknad om løyve til tiltak

Følgeskriv

Gjennomføringsplan

Kart

Kvittering nabovarsel

Opplysninger gitt i nabovarsel

Referat forhåndskonferanse

Søknad om ansvarsrett

Søknad om tillatelse i ett trinn

Tegninger og foto

Teknisk notat

Dispensasjonssak Gbnr 24/86 Bø - Hybelhus - Dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan

Byggesak Gbnr 24/86 Bø - Hybelhus - Søknad om løyve - Heimelshavarfråsegn

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN

Radøy Bemanning AS

Vetåsvegen 181 5938

SÆBØVÅGEN

Åsane Byggmesterforretning AS

Hesthaugvegen 18 5119

ULSET